

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-122	21/602

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2021	Formannskapet	PS	02.09.2021
013/2021	Ungdomsrådet	PS	04.11.2021
020/2021	Ungdomsrådet	PS	29.11.2021

Oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Planprogram for kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 - 2033

Dato

19.08.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kommunestyret har i sak 081/20 i møte den 30.11.2020 i samband med vedtak om revidert planstrategi for perioden 2020 – 2023 prioritert oppstart av ny energi og klimaplan for Masfjorden kommune med oppstart i 2021. På bakgrunn av dette vedtaket har administrasjonen no laga framlegg til planprogram dagsett 07.07.2021, som ein ber om at formannskapet tek stilling til. Planprogrammet gjer i korte trekk greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdere verknader for miljø og samfunn, og synleggjere ulike vegval/ alternativ i planarbeidet.

I kapitlet om organisering av arbeidet vert det lagt opp til at formannskapet vert politisk styringsgruppe, og at rådmannen oppnemner ei administrativ arbeidsgruppe. I tillegg vil ein invitere inn lokal organisasjonar og representantar frå næringslivet med fleire inn i ei utvida

referansegruppe.

Tidlegare kommunedelplan for energi og klima vart vedteke i kommunestyret den 07.06.2011, og gjaldt for perioden 2011 - 2015. Noko av grunnlaget her kan takast med inn i den nye planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 skal oppstart av arbeidet med ny kommunedelplan for energi og klima varslast. Denne planen vil få status som ein kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og utbyggingslova, og vil ikkje gje heimel til arealdisponeringar.

I den grad det er naudsynt, vil ein i samband med dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om endringar til kommuneplanen sin arealdel, eller koma med framlegg om behov for eigne temaplanar.

Vidare vil ein vise til at Vestland fylkeskommune i brev av 01.06.2021 har gjeve tilsegn om tilskot på krone 150.000 til utarbeiding av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune. I kriteria for tilskot ligg føre eit krav om at kommunane sjølv dekker 50 % av totalkostnaden. Her legg kommunen opp til at eigeninnsatsen til eigne tilsette vert eit viktig bidrag i kommunen sin del av totalkostnaden. Tilskotet gjeld fram til 31.07.2022, så kommunen har tid heilt fram til denne datoen til å gjera ferdig planen.

Vurdering

Rådmannen vil vise til at formannskapet med heimel i plan og bygningslova § 4-1 skal kunngjera oppstart og framlegg til planprogram for kommunedelplanar, slik at dette vert lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Så snart høyringsfristen er over skal alle innkomne innspel knytt til planprogrammet drøftast i ny sak, og revidert planprogram tilpassa vektige innspel vert til slutt handsama endeleg i kommunestyret.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek oppstart av kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune 2021 – 2033, og at framlegget til planprogram vert sendt på høyring i medhald av plan og bygningslova sin § 4-1.

Formannskapet - 063/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram forslag om at

- ungdomsrådet vert sett å lista over medlemmer i referansegruppa
- planprogrammet skal ha ei formulering som seier noko om Nordhordland biosfæreområde før planprogrammet vart sendt på høyring. Formannskapet slutta seg samla til dette.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-12 oppstart og kunngjering av arbeidet med kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden kommune for 2021 – 2033, og at framlegg til planprogram dagsett 06.07.2021 vert sendt på høyring i medhald av § 4-1 i same lov.

Ungdomsrådet - 020/2021**UNG - behandling:**

Torill orienterte kort om saka.

Saka vart tatt til orientering.

Nestleiar Nikita er vald til å delta for Ungdomsrådet.

UNG - vedtak:

Saka vart tatt til orientering.

Nestleiar Nikita er vald til å delta for Ungdomsrådet.